



## **Vikinger tema for turistfrimerke (pressemelding utgitt av Posten Norge 23 april 2014)**

**Vikinger er tema for årets turistfrimerke frå Posten. Motiva er henta frå vikingmuseet på Borg i Lofoten, Borrehaugane i Vestfold og skipet "Draken Harald Hårfagre".**

**Vikinger er ein viktig del av norsk historie, og mange turistar meiner det er ein eksotisk del. Dei tre frimerka som gjes ut i år viser vikingekvinna, vikingekrigaren og vikingskipet.**

### **Kvinna**

Vikingekvinna hadde ofte ansvaret for driften av gården mens mannen var på reise. På grunnlag av gravfunn er det gjort rekonstruksjonar av kvinnedrakter og smykke. Kvinna på frimerket står framfor langhuset på Borg i Lofoten. I handa har ho ei nålebinding, og halssmykket ho har på seg er ein rekonstruksjon av av ei bronsespenne funnen på Kvarberg i Vågå

### **Krigaren**

Ein godt utrusta vikingkrigar hadde gjerne eit kort einegga sverd, eit skjold, ei øks, eit spyd utan mothake og piler av jern. Mennene på frimerket sloss med øks og sverd. På venstre side av frimerket er det ein illustrasjon av ein vikinghjelm, eit funn frå Gjermundbu på Ringerike. Vikinghjelmene frå Gjermundbu er den einaste vikinghjelmene ein har funne i Skandinavia.

### **Skipet**

Vikingskipa var bygde både for roing og segling og stakk ikkje særleg djupt i vatnet. Dei kunne difor leggje til på ei strand eller i ein elvemunning. Dei mest kjende norske vikingskipa er Gokstadskipet, Osebergskipet og Tuneskipet. Desse finst no i Vikingskipsmuseet på Bygdøy i Oslo.

I mars 2010 starta bygginga av det største vikingskipet som er bygd i moderne tid. Skipet vart til i Haugesund og la ut på sitt første tokt våren 2013. "Draken Harald Hårfagre" er ca. 35 meter lang og ca. 8 meter breid, og er det største vikingskipet som er bygd i moderne tid.

Frimerkene er i sal fra måndag 28. april.

## **Turistfrimerke**

Nummer: NK 1876-1878  
Motiv: Vikingkvinne, vikingkrigarar, vikingskip  
Utforming: Kristin Granli  
Foto: NK 1876: © Kjell Ove Storvik (NK 1876), NK 1877: © Espen Winther,  
NK 1878: (M)© Arne-Terje Sæther  
Verdiar: A-innland (kr 10,00) – A-Europa (kr 13,00) – A-verda (kr 16,00)  
Opplag: Valør A-innland: 628 000 frimerkehefte  
Valør A-Europa: 408 000 frimerkehefte  
Valør A-verda: 258 000 frimerkehefte  
Utgiève i: Hefte à 10 frimerke  
Trykk: Offset frå Joh. Enschedé Security Print, Nederland

### **NK 1876**

Vikingkvinne med nålebinding ved langhuset på vikingmuseet på Borg i Lofoten.  
Illustrasjon: Bronsespenne. Funn frå Kvarberg i Gudbrandsdalen.

### **NK 1877**

Vikinger i kamp ved Borrehaugane i Vestfold.  
Illustrasjon: Gjermundbuhjelmen. Funn frå Gjermundbu på Ringerike.

### **NK 1878**

“Draken Harald Hårfagre” siglar ved Haugesund. Illustrasjon: Drakehovudet til Draken Harald Hårfagre. Hovudet er formgjeve og laga av treskjærar Boni Wiik.